



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE KULTURAVDELINGA

RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL ALLMENT KULTURARBEID

Føremål

Målet med tilskotsordninga er å hjelpe til å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket, og femner om følgjande område:

- Barn og unge
- Frivillig kulturarbeid
- Kulturformidling
- Kulturstipend

Tilskot til allment kulturarbeid vil særleg legge vekt på kulturaktivitet til barn og unge. Aktivitet vil bli prioritert framfor drift. Ordninga er delt opp i grunnstønad og aktivitetsstønad.

Innhald

GRUNNSTØNAD Dei som kan søkje er organisasjonar og samanslutningar med kulturell aktivitet som hovudføremål. Organisasjonane må dekke heile fylket eller ein region (minst 3 kommunar).

Ein vil legge vekt på medlemstal ut frå betalt medlemskontingent og medlemmer under 26 år. Det blir ikkje gitt grunnstønad til politiske organisasjonar og helse- og sosialretta organisasjonar som ikkje har kulturaktivitet som sin hovudaktivitet. Det må ligge ved rekneskap og årsmelding for siste år, og budsjett og arbeidsplan for komande periode samt opplysast om tal medlemmer.

AKTIVITETSSTØNAD Alle som driv med kulturell aktivitet som har allmenn interesse, og med verknad for heile eller ein større del av fylket, kan søke tilskot frå denne posten. Tiltak som viser nye vegar i kulturarbeidet kan også søke.

Aktivitetsstønad vert gitt etter konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kulturpolitiske satsingsområde. Det kan bli knytt årlege satsingsområde til tilskotsordninga, sjå årets utlysingstekst. Som hovudregel vil ikkje faste arrangement (festivalar, oppsettingar, osb) få tilskot over fleire år. I nokre høve vil det likevel vere naturleg å gje tilskot over ein 3 årsperiode – t.d. i samband med ein 3-årig utviklingsperiode.

Søknaden må innehalde prosjekttale med finansieringsplan og budsjett. Vi ser det som ein fordel at kommunen er inne med tilskot.

Søknad og handsaming

Søknad skal sendast på eige søknadsskjema til fylkeskommunen innan 15. januar som vurderer og prioriterer søknadane før dei vert handsama av Hovudutval for kultur. Søkjarane vert tilskrivne så snart vedtak er gjort.

Tilskot skal nyttast det året det er gjeve tilsegn for.. Dersom tiltaket vert rimelegare enn føresett, eller dersom tiltaket av ein eller annan grunn får endra økonomiske føresetnader undervegs, kan tilskotet verte avkorta. Rapport for bruken av midlane må vere innsendt før utbetaling kan skje. Rapporteringsfrist er 1. november.

Søklar vert oppmoda om å opplyse i skriv, annonser m.v. at fylkeskommunen støttar tiltaket. Det er vidare sett vilkår om at arrangørar som mottok økonomisk støtte aksepterer følgjekortordninga.

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova kap. VI. <http://www.lovdata.no/all/tl-19670210-000-006.html>

Søknadsfrist: 15. januar

